



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: **14 APR 2010**

Vår ref.: NVE 200800412-5 ki/eibj

Arkiv: 312 /064.4Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Eirik Bjørkhaug

22 95 98 31

Nipo Kraft AS – Søknad om løyve til Dyrkolbotn kraftverk i Lindås kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Nipo Kraft AS, datert 5.4.2010, om løyve til Dyrkolbotn kraftverk i Lindås kommune.

Dyrkolbotn kraftverk er planlagt bygget i Botnaelva i Lindås kommune. Kraftverket vil ha ei brutto fallhøgde på 132 m mellom inntak på kote 344 og utlaup på kote 212. Røyrtraseen vil bli om lag 1100 m og vil i sin heilskap vere nedgraven og stort sett følge eksisterande veg. Frå eksisterande veg må det anleggast ny permanent veg på om lag 120 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i vassdraget er berekna til 1427 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2570 l/s. Installert yting vil vere på om lag 2,7 MW og midlare årleg produksjon vil vere på om lag 10,8 GWh. Søkjer legg opp til slepp av minstevassføring på 100 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Rune Dyrkolbotn på tlf. 93 09 43 08 eller e-post: Runedyrk@online.no.

NVE ber Lindås kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i rådhuset i Knarvik fram til **4.6.2010**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **4.6.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Trekanten Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
8505 Narvik
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssens gate 7
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00


Region Vest
Naustdalsvn 1B
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
Seksjonssjef


Eirik Bjørkhaug
Avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Dyrkolbotn kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 2 gonger i: Strilen og Nordhordland

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Statens vegvesen, Region vest, Askdalen 4, 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 BERGEN
	NJFF – Hordaland, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	FNF – Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Nordhordland Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	BKK NETT AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	Dyrkolbotn Fjellstove - leirskole og gjestehus, 5994 VIKANES
	Nipo Kraft AS v/Rune Dyrkolbotn, Marikollen 60, 5136 MJØLKERÅEN
1	KM – Ivar Sægrov
1	KD – Egil Hyllestad
1	ER – Seming Skau

- KUNNGJERING -

Nipo Kraft AS – Søknad om løyve til Dyrkolbotn kraftverk i Botnaelva i Lindås kommune

NVE har motteke ein søknad frå Nipo Kraft AS om løyve til Dyrkolbotn kraftverk i Lindås kommune.

Dyrkolbotn kraftverk er planlagt bygget i Botnaelva i Lindås kommune. Kraftverket vil ha ei brutto fallhøgde på 132 m mellom inntak på kote 344 og utlaup på kote 212. Røyrtraseen vil bli om lag 1100 m og vil i sin heilskap vere nedgraven og stort sett følgje eksisterande veg. Frå eksisterande veg må det anleggast ny permanent veg på om lag 120 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i vassdraget er berekna til 1427 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2570 l/s. Installert yting vil vere på om lag 2,7 MW og midlare årleg produksjon vil vere på om lag 10,8 GWh. Søkjer legg opp til slepp av minstevassføring på 100 l/s heile året.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i rådhuset i Knarvik og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Nipo Kraft AS v/Rune Dyrkolbotn på tlf.: 93094308 eller e-post: Runedyrk@online.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **4.6.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgevinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.